

## SVEIO KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Tysdag **24. januar 2017** blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leing av utvalsleiar Olav Haugen.

<b>MØTESTAD:</b>	Kommunestyresalen, Sveio rådhus
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 18.00 – kl. 19.00
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Olav Haugen (KrF), Hans Christian Andersen (FrP), Gustav Eidsvåg (FrP) og Heidi Selsås (A)
<b>MØTANDE VARAMEDLEM:</b>	Sissel Lier Høiness (A) 2. varamedlem
<b>FORFALL:</b>	Torill Hagland (H) og 1. varamedlem
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Forvaltningsrevisor Line Johansen, Deloitte AS
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL INNKALLING</b>	Utvalet klaga igjen på at sakspapira var lagt altfor seint på kommunen si nettside. I etterkant er det forklara med sjukdom ved servicetorget.
<b>MERKNADER TIL SAKSLISTE:</b>	Utvalsleiar viste til vedlegg i sak 2/17(ikkje offentleg) og utvalet slutta seg til å lukke møtet under denne saka

Utvalsleiar ønskte 2. varamedlem og forvaltningsrevisor velkommen til fyrste møte i utvalet.

### **FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**

#### **SAK 1/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 08.11.16**

##### **Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i Sveio kontrollutval 08.11.16 blir godkjent slik han ligg føre.

##### **Handsaming i kontrollutvalet 24.01.17:**

Utvalet hadde ingen merknader.

##### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.01.17:**

*Protokoll frå møte i Sveio kontrollutval 08.11.16 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 2/17 PROSJEKTPLAN – FORVALTNINGSREVISJON – «INTERNKONTROLL I SVEIO KOMMUNE»**

**Handsama i lukka møte, jf. kommuneloven § 31.2. Vedlegg med timebudsjett – ikkje offentleg, jf. OFL§ 23**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Internkontroll i Sveio kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS med den/desse endring/ane:

- rapporten må vere klår til utgangen av august eller seinast 5. september 2017.

Ramma vert sett til 260 timar.

### **Handsaming i kontrollutvalet 24.01.17:**

Forvaltningsrevisor Line Johansen orienterte om kommande prosjekt. Dei har sett opp fem problemstillingar. Dei skal sjå på om kommunen har system for «alt går som det skal» og «sikrar at ting skjer». Revisor merka seg ønskje om ei snarare levering og meinte det kunne ordnast. Dei legger opp til å intervjuje 7-10 leiarar for å få et rett bilete av stoda.

Utvalet meinte tema var viktig og såg fram til rapport. Dei meinte den kunne bli ein god reiskap for den nye rådmannen, som kjem 1. mars. Utvalet slutta seg til utkastet med sekretariatet si presisering.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.01.17:**

*Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Internkontroll i Sveio kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS med den endring:*

- *rapporten må vere klår til utgangen av august eller seinast 5. september 2017.*

*Ramma vert sett til 260 timar.*

## **SAK 3/17 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2016**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Sveio godkjenner årsmelding for 2016 slik ho ligg føre (eller med endringer som kjem fram i møtet). Sveio kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2016 til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 24.01.17:**

Leiar peika på det var feil at ingen deltok på FKT-konferansen, då han var der. Sekretær rettar dette opp før oversending. Elles var utvalet nøgd og hadde fleire ingen merknader til utkastet.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.01.17:**

*Kontrollutvalet i Sveio godkjenner årsmelding for 2016 slik ho ligg føre.*

**og innstilling til kommunestyret:**

*Sveio kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2016 til orientering.*

**SAK 4/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 24.01.17**

1. Statusoversikt - januar 2017
2. Førebels rekneskapstall 2016 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
3. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøtet 16.12.16
4. Årsrapport og skatterekneskap 2016 - skatteoppkrevjaren i Sveio kommune
5. Haustkonferansen 17.11.16 i Sandnes – tilbakemelding frå utvalsleiar
6. Påmeldt til Kontrollutvalskonferansen 01.-02.02.17 frå Sveio: nestleiar H.C. Andersen
7. NKRF – informasjonsskriv 8/16 – Nye maler for normalberetninger 2016

**Handsaming i kontrollutvalet 24.01.17:**

Utvalet var nøgd med sitt rekneskap. Vidare var dei nøgd med at skatteinngangen viste ei auke på 7,9 %. Utvalsleiar refererte frå Sandnes-konferansen og bad Andersen om ei tilbakemelding frå NKRF-konferansen på neste møte. Utvalet meinte den nye malen ville bli meir lesevennleg med at konklusjonen vert flytta fram.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.01.17:**

*Kontrollutvalet tar referatsakene 1- 7 til orientering.*

**EVENTUELT**

Ingen saker blei meldt.

Neste møte

Neste møte er sett til **25. april** kl. 18.00. Handsaming av årsrekneskapen vil stå i fokus. Økonomisjefen har gjeve tilbakemelding om at uttalen vil gå vidare til formannskapet 6. juni og kommunestyret 12. juni.

Sveio/Aksdal, 24. januar 2017

Olav Haugen (sign.)  
Kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)  
Utvalssekretær